



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Fred Marius Svendsen, 33371163

Uttale til tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev datert 3. november 2025 om tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget.

Holmavatn ligg delvis i Telemark fylke og uttalen vår her dreier seg i hovudsak om dette området.

Rapporten styrkjer kunnskapsgrunnlaget om villrein for saka om nytt pumpekraftverk som inkluderer Holmavatn. Konsekvensane for villrein er i stor grad knytt til pumpekraftverket sin påverknad på isforholda, og det er etter vår vurdering framleis behov for et betre faggrunnlag knytt til dette.

Bakgrunn

I brevet vårt datert 1. november 2024 fremja vi motsegn til Kvanndal 2 pumpekraftverk fordi det vil komme i konflikt med nasjonale mål for villrein. Motsegn vart også fremja av same grunn av Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvaltaren i Vestland og Statsforvaltaren i Agder. Ein del av vår vurdering var at konsekvensane for villrein ikkje var tilstrekkeleg utgreidd.

NVE gav 29. januar 2025 pålegg om ytterlegare utgreiing av konsekvensane for villrein. Rapporten «Tilleggsutredning villrein til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av kraftverkene i Røldal-Suldal», NaturRestaureringsrapport nr: 2025-11-01 følgde av pålegget, og er no gjenstand for denne høyringa.

Vår vurdering

Rapporten gir ei god oppsummering av tilgjengeleg kunnskap om villreinen sin bruk av området ved Holmavatn, og i utgreiingsarbeidet er det også gjennomført nye analysar av data med tanke på moglegheitene til villreinen for trekk over isen på Holmavatn. Relevante konsekvensar for villrein er vurderte, med unntak av konsekvensar i anleggsfasen. Rapporten omtaler også mildnande tiltak for å redusere den negative konsekvensen.



For området ved Holmavatn kjem det fram at området både tradisjonelt og i dag i stor grad blir nytta av villrein, som beiteområde gjennom store delar av året. Det er flest dyr i området vinterstid, og rapporten viser at det ikkje er uvanleg at reinen flyttar seg over isen på Holmavatn og at øyane i Holmavatn også kan utgjere beiteareal av noko betydning.

Vurderingane av negative konsekvensar for villrein er i stor grad knytt til isforhold på vatnet, og moglegheita dyra har til å flytte seg over vatnet. Sannsyn for hendingar kor dyr set seg fast eller går gjennom isen er også nemnt. Rapporten viser til at isforholda i stor grad kan bli påverka av korleis pumpekraftverket blir drifta. Det er likevel stor uvisse knytt til korleis eit pumpekraftverk her faktisk vil påverke isforholda på Holmavatn, og det kjem ikkje fram kva slags driftsmønster som er aktuelt for eit pumpekraftverk her. Etter vår meining er dette forhold som bør beskrivast av fagfolk med annan kompetanse enn det villrein faglege.

Av mildnande tiltak blir lokalisering av inntak, reglar for pumping og tapping, leiegjerde og endringar av skiløyper og restriksjonar på snøskuterkjøyring nemnd. Til denne saka er vår vurdering at aktuelle mildnande tiltak i denne saka må vere av ein type som kan styrast og kontrollerast gjennom konsesjonen.

Vår samla vurdering er at med denne rapporten er kunnskapsgrunnlaget om villrein styrka for saka om nytt pumpekraftverk som inkluderer Holmavatn. Det er likevel behov for meir konkret faggrunnlag knytt til effekten av pumpekraftverket på isforholda på Holmavatn, då dette er tett knytt til villreinen sine moglegheiter for bruk av området. Eit slikt faggrunnlag bør tydeleg vise korleis aktuelle driftsmønster for pumpekraftverket vil påverke isforholda gjennom vinterhalvåret.

Status for motsegna

Vi viser til at rundskriv *T 2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* vart revidert i 2025, og at ordlyden for villrein er styrka. Det går no fram at *Innsigelse skal vurderes når planforslaget kan komme i konflikt med målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet, som innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder, jmfør Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024), og Kvalitetsnormen for villrein, jmfør forskrift 23. juni 2020 nr. 1298*

Kunnskapen om villreinen sin bruk av området ved Holmavatn og om dei potensielle effektane av pumpekraftverket på isforholda på Holmavatn viser at tiltaket kan ha store negative konsekvensar for villrein her. Dei negative konsekvensane kan kanskje reduserast i stor grad, men det er førebels ikkje eit godt nok faggrunnlag til å kunne vurdere dette skikkeleg. Rapporten som no er på høyring gir ikkje grunn for å trekkje motsegna som vi har fremja til denne saka.

Dersom prosjektet kan tilpassast gjennom manøvreringsregimer for pumpekraftverka som sikrar isforhold og tek vare på villreinen sin bruk av beiteområde og trekkveier, slik at prosjektet samla sett reduserer konsekvensgraden til ubetydeleg eller positiv, legg vi til grunn at reviderte planar vert sendt på ny høyring.

Til slutt vil vi minne om at det er av nasjonal interesse at det blir arbeidet for å betre forholda for villrein. Om vi skal nå målet om å stoppe den negative utviklinga og oppnå betre kvalitet i villreinområda er det heilt nødvendig at statlege og regionale etatar, samt verksemdar og andre delar av samfunnet jobbar saman om dette. Forholda for villrein skal bli betre, og det er ikkje tilstrekkeleg at forholda blir uendra. Vi legg til grunn at NVE som vedtaksmyndighet vil gjennomføra ei samla vurdering og avveging etter naturmangfoldloven §§ 8 til 12. Etter vår vurdering må det her leggjast særleg vekt på samla belastning for villrein.



Med helsing

Trond Rønningen
statsforvaltar

Grethe Helgås
direktør - miljøavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Vestland

Postboks 504
Postboks 59
Statens hus - Njøsavegen 2

4804	ARENDAL
4001	STAVANGER
6863	LEIKANGER